Møte nr. 4/21

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: **måndag 22. november 2021**
Tid: **kl. 17.00**
Sted: Sveio kommunehus, **kommunestyresalen**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som SMS til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på ***www.kontrollutvalgene.no.***

Saksliste:

22/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 27.09.21

23/21 Orientering frå administrasjonen- rektor v/Sveio skule

24/21 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om Forum for oppvekst i Sunnhordland

25/21 Invitasjon om felles forvaltningsrevisjon - Karmsund Havn IKS og eigarforhaldet til kommunale hamner og kaianlegg

26/21 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2022

27/21 Møteplan for 2022

28/21 Referat- og orienteringssaker 22.11.21

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 15.11.21

Ole Ørjan Hov
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	kommunedirektør	(invitert/kalla inn)
	Varamedlemmer	(til orientering) og presse/publikum

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.11.21	**22/21**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 27.09.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontrol- og kvalitetsutval 27.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 27.09.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 27.09.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, xx.11.21

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **27. september 2021** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov.

MØTESTAD:	Formannskapssalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/ -SLUTT:	kl.17.10 – kl. 19.20
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Marit Elise Lier (Ap) og Solfrid Aasen (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. vara Per S. Wathne (Krf)
FORFALL:	Gustav Eidsvåg (Frp)
FRÅ SEKRETARIATET:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og revisor Edith Sætrevik, Rogaland Revisjon IKS Forvaltningsrevisor Helga Rognstad, Deloitte AS på Teams i sak 15/21
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Økonomisjef/ass. rådmann Peter O. Lura Kommunalsjef Elisabeth Nygaard i sak 15/21
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Linn Therese Erve (Ap)
MERKNADER TIL INNKALLING OG SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 14/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 03.05.21

Sekretariatet si innstilling*:*
Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 03.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Utvalet hadde ingen merknader protokollen.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 03.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 15/21 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING»

Sekretariatet si innstilling:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 12 tilrådingar.

3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Forvaltningsrevisor Helga Rognstad, Deloitte AS blei kobla til på Teams. Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisor presenterte så rapporten. Ho viste til formål, problemstillingar, nytta metode, funn og observasjonar som var gjort knytte til tilpassa opplæring, samarbeidet med PPT, om saks-handsaminga og gjennomføringa av spesialundervisning, spesielt under Covid 19-pandemien. Desse funna munna ut i 12 tilrådingar frå revisor.

Valen hadde merka seg spesielt dette med manglande levering av tenester frå PPT, og meinte det var svært kritikkverdig. Han meinte revisor si bruk av ordet «uheldig» var for svakt. Det var viktig at dette ikkje skjedde igjen. Etter spørsmål frå utvalsleiar innrømma revisor at ordbruken var noko forsiktig. Ho meinte likevel at ein ikkje måtte glømme at det hadde vore ein pandemi. Valen ønskte å fremme eit tillegg i innstillinga pkt. 2 om PPT.

Lier støtta Valen om eit slikt tillegg. Ho viste til at utvalet hadde i fjor etterspurt rådmannen om stoda ved PPT, men ho meinte det også handla om rammer og ressursar hjå PPT.

Kommunalsjef Nygaard opplyste at frå oktober vil stillinga som psykolog vere tilsett, og at dei vil sjå nærare på rutinane omtala i tilrådingane.

Utvalsleiar hadde vore spent på resultata i rapporten. Han peika på at det har vore vanleg å få informasjon om stoda i skulene frå administrasjonen og skuleleiarane, og uttrykte tilfredsheit med at rapporten inneheldt informasjon frå tilsette lenger nede i organisasjonen.

Han, som Wathne, undra seg elles øve at det ikkje var loggført timer som var mista.

Utvalet slutta seg til innstillinga og blei samd om følgjande som tillegg under pkt. 2:

……. Kommunestyret vil spesielt framheve tilråding nr 5 om føremålstenleg organisering av PP-tenesta ved å gjennomgå samarbeidsavtalen mellom Sveio kommune og PP-tenesta og å kartlegge risiko- og sårbarheitsområda med tanke på å forbetre avtalen.

Etter voteringa takka utvalsleiar Deloitte AS for utført arbeid med rapport og for samarbeidet dei siste fem åra som kommunen sin revisor.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21 og innstilling til kommunestyret:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 12 tilrådingar.

Kommunestyret vil spesielt framheve tilråding nr 5 om føremålstenleg organisering av PP-tenesta ved å gjennomgå samarbeidsavtalen mellom Sveio kommune og PP-tenesta og å kartlegge risiko- og sårbarheitsområda med tanke på å forbetre avtalen.

3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 16/21 ROGALAND REVISJON IKS – REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE - ENGASJEMENTSBREV

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Utvalsleiar ønskte Rogaland Revisjon IKS velkommen som ny revisor frå 01.07.21. Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen viste til utsendt engasjementsbrev og ønskte å ta ei samla orientering under sak 18. Utvalet hadde ingen merknader til det.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 07.07.21 til orientering

SAK 17/21 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 07.07.21, frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 07.07.21, frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 18/21 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI FOR REVISJONSÅRET 2021

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisjonsplan 2021 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimsrevisjonen så langt i 2021 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og kollega Sætrevik presenterte seg. Han orienterte så om selskapet, som no er eigd av 23 kommunar og Rogaland fylkeskommune. Dei er 27 tilsette, med 17 innan rekneskapsrevisjon, ni innan forvaltningsrevisjon og ein innan administrasjon. Dei to nytilsette vil ha kontorplass i Haugesund.

Han gjekk gjennom regelverk, om kva som låg innafor planlegging av revisjonsstrategi, om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar og planlagt angrepsvinklar i 2021. Han viste ein del nøkkeltal for Sveio kommune. Utvalet framheva at det var viktig med godt samarbeid mellom revisor or administrasjon. Utvalet ønskte presentasjonen og den blei lova ettersendt.
Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.09.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisjonsplan 2021 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimsrevisjonen så langt i 2021 til orientering.

SAK 19/21 BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2022 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på **kr 1 192 000,- eks mva** fordelt følgjande:

Kontrollutvalet	kr 96 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr 195 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr 901 000

Handsaming i kontrollutvalet 27.09.21:
Utvalsleiar viste til nytt godtgjerslereglement med ei auke på kr 2000 for leiar. Han hadde elles merka seg merkbar auke i kostnadene til kjøp av revisjon, men at som følgje av lovverket var det lite spillerom for å redusere desse, med unntak av timar til forvaltningsrevisjon.

Valen støtta administrasjonen sitt syn om at det måtte vere mogeleg å redusere timetalet frå 250 timar til 210 timar, då det var i samsvar med Rogaland Revisjon sitt framlegg. Valen hadde tru på at ny revisor ville kunne levere god kvalitet innafor dette timetalet. Reduksjonen ville utgjere kr 42.000. Han gjorde framlegg om at totalramma blei redusert til kr 1 150 000.

Utvalsleiar meinte at prosjekt innan forvaltningsrevisjon var så viktig at han ønskte å støtte sekretariatet si innstilling om same timetal som utvalet har hatt til disposisjon dei siste åra. Elles viste sekretær til at utvalet sitt budsjett var delvis basert på eit overslag.

Ved votering fekk innstillinga 4 røyster og Valen sitt framlegg 1 røyst (Valen).

Vedtak i kontrollutvalet 27.09.21 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på ***kr 1 192 000,- eks mva*** *fordelt følgjande:*

Kontrollutvalet	*kr 96 000*
Kjøp av sekretariatsteneste	*kr 195 000*
Kjøp av revisjonsteneste	*kr 901 000*

SAK 20/21 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN ELLER OM KOMMUNALE SELSKAP

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

1. møte 2022	…….
2. møte 2022	…….
3. møte 2022	…….
4. møte 2022	…….
5. møte 2022	…….
1. møte 2023	…….

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Utvalsmedlemmene kom med sine framlegg. Desse var fire selskap (Haugaland Industri AS, Haugaland Brann og redning IKS, Haugaland Kraft AS og Karmsund Havn IKS) og to frå administrasjonen (om IKT-avdelinga og oppfølging av GDPR-lovverket og rådmannen om status for pågåande prosjekt i kommunen). Utvalet støtta framlegga som aktuelle tema og selskap, og kom fram til ei rettleiande rekkjefølge for sekretariatet.

Ordfører opplyste at også ho ville invitere selskap til å orientere i forkant av kommunestyre-møta no når det blei normale tider. Når det gjaldt status for prosjekt blei dei snevra inn til å gjelde prosjekt med eksterne tilskotsmidlar.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

1. møte 2022	*Haugaland Brann og redning IKS*
2. møte 2022	*IKT-avdelinga og personvernombodet*
3. møte 2022	*Haugaland Industri AS*
4. møte 2022	*Haugaland Kraft AS*
5. møte 2022	*Rådmannen om status for eksterne prosjekt*
1. møte 2023	*Karmsund Havn IKS*

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet

SAK 21/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.09.21

23. Statusoversyn pr. september 2021
24. KST-vedtak 14.06.21, sak 42/21 – Forvaltningsrevisjonsrapport - FOS
25. KST-vedtak 14.06.21, sak 48/21–Rogaland Revisjon-godkjenning av selskapsavtale
26. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
27. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
28. FKT - medlemsinformasjon juni 2021
29. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidl. Hordaland 15.02- 16.02.22

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:
Sekretær gjorde greie for status og dei andre sakene på lista. Utvalsleiar opplyste at han var påmeldt til FKT sin Kontrollutvalsleiarskule 18.-19.10.21 gjennom digital deltaking. Sekretær bad utvalet merke seg dato for konferanse i Sandnes 02.12.21. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 27.09.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 23 – 29 til orientering.

YMSE

Andre saker var ikkje meldt eller tatt opp.

Neste møte
Etter vedtatt møteplan er neste møtedato måndag **22. november**.

Saker: orientering v/rektor ved Sveio barne- og ungdomsskule, oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om FOS, invitasjon om deltaking i felles forvaltningsrevisjon av Karmsund Havn IKS, val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt og møteplan for 2022.

Sveio/Aksdal, 27. september 2021

Ole-Ørjan Hov
Kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.11.21	**23/21**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – REKTOR VED SVEIO SKULE

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rektor Lene Lier ved Sveio skule si utgreiing om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Bakgrunn:
Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 10.02.20, sak 2/20 ein plan for orientering om støtte- og resultateiningane i kommunen i løpet av 2020. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabfunksjonane:

~~***Møtet 04.05.20 Rådmann Jostein Førre***~~ *(utsett til 22.06.20)*
~~***Møtet 22.06.20 Kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft***~~ *(utsett til 14.09.20)*
~~***Møtet 14.09.20 Kommunalsjef skule, bhg og kultur Solfrid Lier Habbestad***~~ *(22.06.20)*
~~***Møtet 16.11.20 Kommunalsjef teknisk Kenneth Tollefsen***~~ *(16.11.20)*
~~***1. møte 2021 Hovudtillitsvald (HTV) og hovudverneombod (HVO)***~~ *(15.02.21)*
~~***2. møte 2021 Personalleiar Monica Hovda Madsen***~~ *(03.05.21)*
3. møte 2021 Rektor v/Sveio barne- og ungdomsskule

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for.

Planen blei oversendt rådmannen 14.02.20. Det framgikk i brevet at tidspunktene kunne endrast/byttast for dei invitere. Det er opp til rådmannen å bestemme kven han tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen.

Rektor Lene Lier er kontakta og ho vil stille på møtet for å orientere om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Sekretariatet har som standard å gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområdet og tenestetilbod
• Korleis tenesteområdet er organisert
• Kva tenester som ligg til tenesteområdet

Talet tilsette v/tenesteområde
• Fordeling på dei ulike tenestene
• Rekruttering av medarbeidarar
• Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap
• Rammer
• Resultat

Tankar om framtida
• Utfordingar
• Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg. Til dette møtet er det mange og store saker, så det er viktig å halde tidsramma.

Det er også greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 15.11.21

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kommunestyret	13.12.21	
Kontroll- og kvalitetutvalet	22.11.21	**24/21**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for i Sveio kommune» til orientering.

Vedlegg: Rådmannen si tilbakemelding dagsett 13.10.21 på KPMG sin rapport frå mars 2021

Bakgrunn
Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 14.06.21, sak 42/21 følgjande:

1. ***Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Forum for oppvekst i Sunnhordland» frå KPMG til orientering.***

2. ***Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.***

3. ***Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.***

Føremålet med rorvaltningsrevisjonen var å undersøke:

✓*Rammene som FOS opererer under*

✓*Kartlegge og vurdere erfaringane med og resultata til FOS*

Det blei sett opp følgjade problemstillingar:

1. *I kva rammer opererer FOS:*

- Korleis er FOS organisert ?
- Kva mål og strategi har FOS ?
- Kva slags budsjett og rekneskap har FOS ?
- Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS ?
- Korleis rapporterer FOS til deltakarkommunane ?
- Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane ? - Kva vedtekter har FOS ?
- Kva eigarskapsføringar og eigarskapsstrategi har deltakarkommunane for FOS ?
- Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS ?
- Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS ?
- Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019 ?
- Korleis medverkar kommunale tilsette innan oppvekstområde i FOS ?

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS:

- Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansetilbodet frå FOS fungerer?
- I kva grad opplev barnehagane og skulane å få det kurs og kompetansetilbodet som dei har behov for ?
- I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?

Tilrådingane
Basert på det som kom fram i undersøkinga kom revisjonen med følgjande tilrådingar:

- ***deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune,***

- ***deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.***

- ***deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune,***

- ***deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.***

Revisjonsrapporten blei sendt til dagleg leiar og eigarkommunane til uttale. Av eigarkommunane var det Fitjar og Bømlo som valde å gje tilbakemelding til revisjonsrapporten. Tilbakemeldingane er integrert i rapporten.

Tilbakemeldinga
Rådmannen har i brev dagsett 13.10.21 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp eller er tenkt følgt opp.

Sekretariatet har tatt inn rådmannen sine kommentarar/tilbakemelding inn i saksframlegget, men den følgjer også som vedlegg til saka.

Det er gjeve følgjande oppsummering:

> ***«Som det går fram av rapporten frå KPMG, blir tilbodet frå FOS oppfatta som både nyttig og relevant. Dette gjeld både samarbeidet om tilsyn i barnehagesektoren, samarbeidet om lokalt gjeven munnleg eksamen i 10. klasse, kurs- og kompetanseverksemda og ymse nettverksarbeid. Den årlege leiarsamlinga for oppvekstsektoren i Sunnhordland er og ein svært viktig arena for fagleg utvikling og utveksling av røynsler. FOS har og ei viktig rolle i samhandlinga mellom kommunane i Sunnhordland og utdanningsavdelinga hjå Statsforvaltaren i Vestland og Høgskulen på Vestlandet (HVL).***
>
> ***Fleire av kommunane i FOS er av ein slik storleik at det ville vore vanskeleg å utføra dei oppgåvene som i dag blir handtert av FOS, på eiga hand. Eit godt døme på dette er tilgjenge til dei beste og mest attraktive fagpersonane som kurshaldarar. Om dei kan vitja Sunnhordland og ha kurs for tilsette i seks kommunar samstundes, kan dei prioritera vår region. Om ein einskild kommune inviterer dei, vil det bli vanskelegare å bli prioritert framfor større kommunar og regionar.»***

Når det det gjeld tilbakemelding til dei ulike punkta er det skreve følgjande:

«Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll, på ein måtesom er hensiktsmessig for den einskilde kommune.»

> *«I Sveio kommune har samarbeidet i FOS vore underlagt demokratisk kontroll sidan starten i 1990. Samarbeidet i det som i dag er Forum for oppvekst i Sunnhordland, tidlegare Kursregion Sunnhordland og Sunnhordland kursregion, blei samrøystes vedteke av Sveio skulestyre i sak 47/90. Ny samarbeidsavtale blei samrøystes vedteken av Sveio kommunestyre i sak 131/20. I saksframlegget til denne saka gjorde rådmannen greie for den utviklinga som har skjedd i verksemda til FOS frå starten i 1990 og fram til i dag:*
>
> *«På 1990-talet var verksemda til Sunnhordland kursregion i stor grad retta inn mot etterutdanning av lærarar og skuleleiarar. Sunnhordland kursregion skipa til faglege kurs i samband med planleggingsdagar i kommunane, og kursregionen hadde og ansvaret for å gjennomføra dei store nasjonale kompetanseutviklingsprogramma for skuleleiarar LIS («Leiing i skulen») og LUIS («Leiarutvikling i skulen») i Sunnhordland.*
>
> *Rundt tusenårsskiftet var oppvekstsektoren i Noreg i sterk endring. Kulturskulen blei eit lovfesta tilbod i kommunane gjennom eit lovvedtak i Stortinget i 1997. I 2003 blei partia på Stortinget samde om barnhageforliket som førte med seg at norske born frå 2009 har ein lovfesta rett til barnehageplass frå dei er eitt år gamle. Det var naturleg for samarbeidskommunane å inkludera både kulturskulen og barnehagen i det etablerte samarbeidet i FOS no når både grunnskule, kulturskule og barnehage var lovpålagde oppgåver for kommunane.»(Sitat frå saksframlegget i kommunestyresak 131/20)*
>
> *Kommunen sitt samarbeid med og nytte av FOS er og forankra i andre viktige styringsdokument. I den gjeldande kvalitetsutviklingsplanen for barnehage og skule for åra 2021-2024, vedteken av Sveio kommunestyre i sak 133/20, finn vi denne formuleringa:*

«Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) vil framleis vera ein svært viktig samarbeidspartnar for å leggja til rettes for kompetanseutvikling innanfor både barnehage, skule og SFO. Utdanningsdirektoratet gjev og tilbod om nettbaserte kompetansepakkar av høg kvalitet som eignar seg både for arbeid i samla kollegium og individuelt.»

Omsynet til demokratisk kontroll og demokratisk legitimitet er såleis godt ivareteke i Sveio kommune.»

«Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.»

Kommunalsjef skule, barnehage og kultur har jamlege møte med HTV for Utdanningsforbundet der det er høve til å ta opp alle sider ved drifta av barnehagar og skular i Sveio kommune. Spørsmål som er knytte til kompetanseutvikling, er sjølvsagt ein naturleg del av dette. Vidare blir HTV for Utdanningsforbundet alltid invitert til einingsleiarmøta for rektorar, inspektørar og barnehagestyrarar.

På desse møta er og den administrative leiaren for FOS til stades, i og med at vedkomande og har ein del av stillinga si knytt til kommunale oppgåver ved skule - og barnehagekontoret (20 %). Kompetanseutvikling, både i regi av FOS og i kommunal regi, er naturlege saker til drøfting i einingsleiarmøta.

I og med at den daglege leiinga av FOS har vore lagt til Sveio kommune sidan år 2000, er nok medvitet om FOS sitt tilbod høgare i Sveio kommune enn i dei andre kommunane.

«Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune.»

«Skule- og barnehagekontoret har ikkje inntrykk av at det er manglande kunnskap om verksemda til FOS ute i organisasjonen. Sveio kommune sine medarbeidarar tek aktivt del i dei tilboda som blir skipa til av FOS både på interkommunale kursdagar og i ymse faglege nettverk.
Også på dette punktet er nok Sveio kommune i ein annan situasjon enn dei andre kommunane, i og med at FOS så lenge vore leia frå kommunehuset i Sveio».

«Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby dei tilsette i oppvekstsektoren.»

«Tilboda frå FOS blir kommunisert til dei tilsette via einingsleiarane. Nye tilbod blir gjerne presenterte for einingsleiarane via e-post i tillegg til at dei blir lagt ut på FOS sine nettsider.

FOS fekk nye og meir brukarvenlege nettsider for berre få år sidan. Alle kurstilbod blir presenterteher, og påmelding til kurs, nettverkssamlingar og anna skjer via nettsidene. Sjå elles:

https://fos-sunnh.no/

Kursverksemda på dei interkommunale kursdagane har blitt noko redusert dei siste åra, då mellom anna arbeidet med fagfornyinga har ført med seg at fleire har hatt trong for å setja av meir tid til arbeid i eigen kommune eller på eigen skule. Likevel er det tydeleg at andre tilbod, slik som nettbaserte kurs og nettverk, blir positivt tekne imot blant dei tilsette.»

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei god tilbakemelding, og tilrådingane er det tatt tak i gjennom nye rutinar, og forbetringstiltak er sett i verk.

Aksdal, 15.11.21

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

Sveio kommune

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks

Postboks 57

5575 AKSDAL

Dato: 13.10.2021

Dokumentnummer: 21/929-2
Dykkar referanse:
Saksbehandlar: Petter Steen jr.

Attendemelding frå rådmannen til forvaltningsrevisjonsrapport om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Til Sveio kommunestyre via Sveio kontroll- og kvalitetsutval.

Rådmannen i Sveio kommune legg med dette fram si attendemelding til forvaltningsrevisjonsrapporten om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) som blei handsama av Sveio kommunestyre 14. juni 2021. Rådmannen vil be om at attendemeldinga kan bli handsama av Kontroll- og kvalitetsutvalet 22. november og kommunestyret 13. desember. På det viset vil vi halda oss til fristen som følgjer av punkt 3 i kommunestyret sitt vedtak i sak 042/21.

Som det går fram av rapporten frå KPMG, side 7, var føremålet med forvaltningsrevisjonen todelt:

- ✓ Kartleggja under kva rammer FOS opererer.
- ✓ Kartleggja og vurdera erfaringane med, og resultata til, FOS.

Rådmannen har vore medviten om dette todelte føremålet i attendemeldingane som her blir gjevne til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet.

Sveio kommunestyre handsama i møtet 14. juni 2021 sak 042/21; Forvaltningsrevisjonsrapport – Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Kommunestyret slutta seg samrøystes til innstillinga frå kontroll- og kvalitetsutvalet i tre punkt:

1. ***Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Forum for oppvekst i Sunnhordland» frå KPMG til orientering.***
2. ***Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.***
3. ***Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.***

Tilrådingane frå KPMG finn vi på side fem i rapporten:

- ***Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll, på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.***
- ***Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.***
- ***Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegar kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune.***
- ***Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby dei tilsette i oppvekstsektoren.***

Det er naturleg å gje slik attendemelding til dei ulike punkta:

«Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll, på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.»

I Sveio kommune har samarbeidet i FOS vore underlagt demokratisk kontroll sidan starten i 1990. Samarbeidet i det som i dag er Forum for oppvekst i Sunnhordland, tidlegare Kursregion Sunnhordland og Sunnhordland kursregion, blei samrøystes vedteke av Sveio skulestyre i sak 47/90. Ny samarbeidsavtale blei samrøystes vedteken av Sveio kommunestyre i sak 131/20. I saksframlegget til denne saka gjorde rådmannen greie for den utviklinga som har skjedd i verksemda til FOS frå starten i 1990 og fram til i dag:

«På 1990-talet var verksemda til Sunnhordland kursregion i stor grad retta inn mot etterutdanning av lærarar og skuleleiarar. Sunnhordland kursregion skipa til faglege kurs i samband med planleggingsdagar i kommunane, og kursregionen hadde og ansvaret for å gjennomføra dei store nasjonale kompetanseutviklingsprogramma for skuleleiarar LIS («Leiing i skulen») og LUIS («Leiarutvikling i skulen») i Sunnhordland.

Rundt tusenårsskiftet var oppvekstsektoren i Noreg i sterk endring. Kulturskulen blei eit lovfesta tilbod i kommunane gjennom eit lovvedtak i Stortinget i 1997. I 2003 blei partia på Stortinget samde om barnhageforliket som førte med seg at norske born frå 2009 har ein lovfesta rett til barnehageplass frå dei er eitt år gamle. Det var naturleg for samarbeidskommunane å inkludera både kulturskulen og barnehagen i det etablerte samarbeidet i FOS no når både grunnskule, kulturskule og barnehage var lovpålagde oppgåver for kommunane.» (Sitat frå saksframlegget i kommunestyresak 131/20)

Kommunen sitt samarbeid med og nytte av FOS er og forankra i andre viktige styringsdokument. I den gjeldande kvalitetsutviklingsplanen for barnehage og skule for åra 2021-2024, vedteken av Sveio kommunestyre i sak 133/20, finn vi denne formuleringa:

«Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) vil framleis vera ein svært viktig samarbeidspartnar for å leggja til rettes for kompetanseutvikling innanfor både barnehage, skule og SFO. Utdanningsdirektoratet gjev og tilbod om nettbaserte kompetansepakkar av høg kvalitet som eignar seg både for arbeid i samla kollegium og individuelt.»

Omsynet til demokratisk kontroll og demokratisk legitimitet er såleis godt ivareteke i Sveio kommune.

«Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.»

Kommunalsjef skule, barnehage og kultur har jamlege møte med HTV for Utdanningsforbundet der det er høve til å ta opp alle sider ved drifta av barnehagar og skular i Sveio kommune. Spørsmål som er knytte til kompetanseutvikling, er sjølvsagt ein naturleg del av dette. Vidare blir HTV for Utdanningsforbundet alltid invitert til einingsleiarmøta for rektorar, inspektørar og barnehagestyrarar. På desse møta er og den administrative leiaren for FOS til stades, i og med at vedkomande og har ein del av stillinga si knytt til kommunale oppgåver ved skule- og barnehagekontoret (20 %). Kompetanseutvikling, både i regi av FOS og i kommunal regi, er naturlege saker til drøfting i einingsleiarmøta.

I og med at den daglege leiinga av FOS har vore lagt til Sveio kommune sidan år 2000, er nok medvitet om FOS sitt tilbod høgare i Sveio kommune enn i dei andre kommunane.

«Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune.»

Skule- og barnehagekontoret har ikkje inntrykk av at det er manglande kunnskap om verksemda til FOS ute i organisasjonen. Sveio kommune sine medarbeidarar tek aktivt del i dei tilboda som blir skipa til av FOS både på interkommunale kursdagar og i ymse faglege nettverk.

Også på dette punktet er nok Sveio kommune i ein annan situasjon enn dei andre kommunane, i og med at FOS så lenge vore leia frå kommunehuset i Sveio.

«Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby dei tilsette i oppvekstsektoren.»

Tilboda frå FOS blir kommunisert til dei tilsette via einingsleiarane. Nye tilbod blir gjerne presenterte for einingsleiarane via e-post i tillegg til at dei blir lagt ut på FOS sine nettsider.

FOS fekk nye og meir brukarvenlege nettsider for berre få år sidan. Alle kurstilbod blir presenterte her, og påmelding til kurs, nettverkssamlingar og anna skjer via nettsidene. Sjå elles:

https://fos-sunnh.no/

Kursverksemda på dei interkommunale kursdagane har blitt noko redusert dei siste åra, då mellom anna arbeidet med fagfornyinga har ført med seg at fleire har hatt trong for å setja av meir tid til arbeid i eigen kommune eller på eigen skule. Likevel er det tydeleg at andre tilbod, slik som nettbaserte kurs og nettverk, blir positivt tekne imot blant dei tilsette.

Oppsummering.

Som det går fram av rapporten frå KPMG, blir tilbodet frå FOS oppfatta som både nyttig og relevant. Dette gjeld både samarbeidet om tilsyn i barnehagesektoren, samarbeidet om lokalt gjeven munnleg eksamen i 10. klasse, kurs- og kompetanseverksemda og ymse nettverksarbeid. Den årlege leiarsamlinga for oppvekstsektoren i Sunnhordland er og ein svært viktig arena for fagleg utvikling og utveksling av røynsler. FOS har og ei viktig rolle i samhandlinga mellom kommunane i Sunnhordland og utdanningsavdelinga hjå Statsforvaltaren i Vestland og Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Fleire av kommunane i FOS er av ein slik storleik at det ville vore vanskeleg å utføra dei oppgåvene som i dag blir handtert av FOS, på eiga hand. Eit godt døme på dette er tilgjenge til dei beste og mest attraktive fagpersonane som kurshaldarar. Om dei kan vitja Sunnhordland og ha kurs for tilsette i seks kommunar samstundes, kan dei prioritera vår region. Om ein einskild kommune inviterer dei, vil det bli vanskelegare å bli prioritert framfor større kommunar og regionar.

Med helsing

Jostein Førre
Rådmann

Petter Steen jr.
Rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnummer**
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.11.21	**25/21**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	216	

INVITASJON TIL FELLES FORVALTNINGSREVISJON - KARMSUND HAVN IKS OG EIERFORHOLDET TIL KOMMUNALE HAVNER OG KAIANLEGG

Sekretariatets forslag til vedtak:

Alternativ A

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval meiner ……

Alternativ B

Sveio kontroll- og kvalitetsutval deltar i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg med utgangspunkt i utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma for prosjektet vert sett til inntil 400 timar. Eigarkommunar som ønskjer å delta i forvaltningsrevisjonen betaler etter si prosentvise eigardel, som for Sveio blir 15 timar.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval har følgjande innspel/tillegg …….....

Vedlegg:

1. Prosjektplan – «Forvaltningsrevisjon av kommunale havner og kaianlegg i Karmøy» utarbeidet av Rogaland Revisjon IKS, datert august 2021 (10 sider)
2. Haugesund Kontrollutvalg 28.09.21, særutskrift i 33/21 (2 s.)
3. Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg 01.09.21, særutskrift i sak 32/21 (3 s.)
4. Protokollvedlegg 01.09.21 til sak 32/21 (3 s.)
5. Advokatfirmaet Hjort DA - notat 07.06.21 fra advokat Bjella – jur. betenkning (22 s.)
6. Advokatfirmaet Hjort DA -tilleggsnotat 16.06.21 – svar på spørsmål (5 s.)

SVEIO KOMMUNE Saksframlegg

Bakgrunn
Karmøy kommunestyret vedtok i møtet 20.09.21, sak 91/21 følgende:

1. ***Karmøy kommunestyre anmoder Haugesund kommune om å delta i en forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og kommunale havner og kaianlegg, med utgangspunkt i utkastet til prosjektmandat som foreligger fra Rogaland Revisjon IKS. Dette i kraft av at Karmøy og Haugesund har de to største eierandelene i Karmsund Havn IKS.***

2. ***Dersom øvrige eierkommuner, utover Karmøy og Haugesund, ønsker å delta i forvaltningsrevisjonen betaler disse i henhold til sin prosentvise eierandel. Sparte kostnader ved andre kommuners deltakelse fordeles likt mellom Karmøy og Haugesund.***

3. ***Rammen for prosjektet settes til inntil 400 timer.***

4. ***Karmøy kommune vedtar foreløpig en tilleggsbevilgning på inntil kr. 192.000 til ansvarsområde Kontroll- og revisjon, som dekning for halvparten av 400 timer.***

5. ***Bevilgningen dekkes over kommunens disposisjonsfond.***

6. ***Dersom Haugesund kommune avstår fra å bli med på forvaltningsrevisjonen skal saken behandles på nytt i kommunestyret.***

7. ***Deltakende kommuner inviteres til å komme med innspill før endelig mandat utformes i felleskap.***

8. ***Karmøy kommunestyre legger til grunn at eierandelene i Karmsund Havn IKS er fordelt som følger:***

   - ***Karmøy kommune: 38,46%***
   - ***Haugesund kommune: 38,46%***
   - ***Tysvær kommune: 7,69%***
   - ***Bømlo kommune: 7,69%***
   - ***Bokn kommune: 3,85%***
   - ***Sveio kommune: 3,85%***

Kontrollutvalgets innstilling fikk 17 stemmer, mens vedtaket som var et fellesforslag (A, Frp, SP, SV og V) ble vedtatt med 28 stemmer. Det ble forkant av møtebehandlingen reist spørsmål om ordførers habilitet, men det falt med 33 mot 12 stemmer. Han er valgt som kommunens representant i havnerådet/representantskapet, og senere også valgt som leder av rådet.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg hadde forslag til prosjektmandat til behandling i møtet 01.09.21, sak 32/21 og de gjorde følgende vedtak/innstilling:

> *Karmøy kommunestyre bestiller forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og kommunale havner og kaianlegg» i tråd med det utkast til prosjektmandat som foreligger fra Rogaland Revisjon IKS med tillegg og nærmere utdyping i vedlegg fra Thor Otto Lohne og i behandling i møtet.*

Rammen settes til inntil 400 timer.

Karmøy kommunestyre vedtar en tilleggsbevilgning på kr 384 000 til ansvarsområde Kontroll og revisjon til dekning av forvaltningsrevisjonsrapport om kommunale havner. Bevilgningen dekkes over konto 1490 – reservert til tilleggsbevilgninger. Utvalgsleder får fullmakt til å godkjenne endelig mandat i samråd med sekretariatet.

Karmøy kommunestyre ber kontroll- og kvalitetsutvalget invitere kontrollutvalgene i Haugesund, Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn til å delta i forvaltningsrevisjonen av Karmsund Havn IKS i tråd med utkast til prosjektplan.

Kostnadsfordeling blir etter eierandel (38,46 %, 7,69 % eller 3,85 %/).

Bakgrunn for prosjektplan
Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalget vedtok i møtet 16.06.21, sak 24/21 at de ønsket å få lagt fram utkast til prosjektplan på et prosjekt om eierforholdet til kommunale havner og kaianlegg til neste møte. Vedtaket var følgende:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg ber revisjonsselskapet KPMG AS om å legge fram et prosjektmandat for forvaltningsrevisjonsprosjekt om eierforholdet til kommunale havner og kaianlegg til møtet 1. september 2021.

Utvalget har følgende innspill til tema/problemstillinger:

«Inngikk kommunale kaianlegg i åpningsbalansen ved opprettelsen av Karmsund Havn IKS og hvordan gjenspeiler dette i eierandelene tildelt kommunene?»

Utvalget gis anledning til å komme med innspill til mandatet før utkast blir presentert i møtet.

For å avgrense undersøkelsene ble utvalget enig om å velge ut salg av Kopervik Havn, salg av allmenningen i Skudeneshavn og salg eiendommer i Monsavika. Fra utvalgsmedlem Thor Otto Lohne (A) var det kommet flere innspill til mulig mandat. Videre har kommunestyremedlem Robin Hult (A) og ledelsen av Karmsund Havn IKS kommet med sine kommentarer til vedtaket og mandat. Disse er blitt oversendt Rogaland Revisjon til videre vurdering og tatt inn i de foreslåtte temaene i prosjektmandatet.

Bakgrunn for saken
I følge kommuneloven § 23-2 er kontrollutvalgets ansvar og myndighet blant annet *«å påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak».*

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg tok opp saken i møtet 27.01.21, under referatsakene, sak 7/21 etter oppfordring fra kommunestyremedlem Robin Hult (A), og vedtok da følgende:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg ber om en tilbakemelding fra rådmannen på henvendelsen om prosedyrene rundt avhending av kommunale havner/kaianlegg til møtet 17.03.21.

Det skriftlige svaret leveres sekretariatet innen 05.03.21. Utvalget ber også om at rådmannen orienterer om saken i møtet 17.03.21.

Sekretariatet mottok rådmannens tilbakemelding i brev av 08.03.21 og utvalget vedtok enstemmig i møtet 17.03.21, sak 12/21 følgende:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg tar rådmannens orientering om salg av havner og kaianlegg til orientering.

På bakgrunn av ny henvendelse, nå fra utvalgsmedlem Lohne i april, og etter en del presseoppslag, ønsket utvalgsleder saken opp igjen på møtet i mai. Utvalget vedtok enstemmig i møtet 19.05.21, sak 18/21 følgende:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg ber om ny tilbakemelding fra rådmannen om eiendomsforholdene knyttet til havner og kaianlegg til neste møte 16. juni 2021.

Det skriftlige svaret leveres til sekretariatet innen 08.06.21. Utvalget ber også om at rådmannen orienterer om saken i møtet 16.06.21.

I saksframlegg til maimøtet ble det informert om at administrasjonen og ledelsen av Karmsund Havn hadde bestilt en juridisk betenkning rundt eiendomsforholdene ved å engasjere advokat/partner Kristin Bjella i advokatfirmaet Hjort DA.

Advokat Bjella ble bedt om å utrede bl.a. følgende problemstillinger:

1. ***Var Karmsund Havns overføring av hjemmel for eiendommer tilhørende Karmøy havnevesen og Kopervik havnevesen i 2017 i strid med selskapets vedtekter/selskapsavtale?***

2. ***Hadde Karmsund Havn IKS rett til å overføre hjemmelen fra Kopervik havnevesen og Karmøy Havnevesen i tråd med regelverk, herunder havne – og farvannslovens regler om havnekassen (jfr. lov om havner av farvann av 08. juni 1984 nr. 51 §23)?***

3. ***Kunne havnens eier, Karmøy kommune, krevd eierskapet til eiendommer eid av Kopervik Havnevesen og Karmøy havnevesen, og således disponert inntekter av salg fritt, eller til egne havneformål?***

- ***NAV/sosiale tenester***
- ***Habilitering.***

I sak 112/20 om eigarskapskontroll for dei neste fire år blei følgjande vedtatt:

1. *Sveio Golfpark AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Haugaland Brann og redning IKS*
4. *Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS*

Av uprioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt:

- *Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen*
- *Haugaland Kraft AS*
- *Kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter*

I førre periode blei følgjande prosjekt gjennomført:

Tilpassa opplæring og spesialundervisning (2021)
Forum for oppvekst i Sunnhordland (2020)
Barneverntenesta (2019)
Saksførebuing og vedtaksoppfølging (2018)
Internkontroll (2017)

Det er opp til utvalet å velja kva for prosjekt det ynskjer å setje i bestilling. Utvalet er også delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt.

Sekretariatet sine kommentarar
Forvaltningsrevisjon skal vere betringsorientert, og ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom det blir avdekka avvik eller peika på moglege betringsområder.

Prosjekt bør veljast ut frå:

- vedtatt plan,
- opplysningar som er komen fram under rekneskapsrevisjon,
- saker som har vore behandla i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonen si uttalte ønskje,
- erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgjevarar,
- forhold som har vore framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av statsforvalter eller andre tilsynsorgan.

Tema/spørsmål treng ikkje naudsynt verte gjort til prosjekt utført av revisor, men utvalet kan også be om ein orientering frå administrasjonen, dersom det vel det. Selskap som det har vore orientert om for tidlegare kontrollutval, er SIM IKS, Vestavind AS og Sveio Golfpark AS.

Sist møte 27.09.21, sak 20/21 vedtok utvalet å invitere desse selskapa: Haugaland Brann og redning IKS, Haugaland Industri AS og Haugaland Kraft AS til eit av møta i 2022 for å orientere om selskapet. For selskapet Karmsund Havn IKS ble det sett 2023.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon er 250 timer, ut frå utvalet si innstilling til budsjett for neste år. Kommunestyret vil venteleg løyva dette i desembermøtet. Dette vil dekke kostnadane til eit prosjekt neste år.

Kontroll- og kvalitetsutvalet må drøfte kva for prosjekt det ønskjer å velje no. Sekretariatet finn det som mest naturleg at utvalet vel det som i planen er satt opp på prioritetslista. Utval

Sekretariatet vil i etterkant av møtet be revisor komme med framlegg til prosjektplan og leggje fram sak om å bestilling i neste møte på nyåret.

Aksdal, 15.11.21

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.11.21	**27/21**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN FOR 2022 – KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

*måndag **14. februar, 9. mai, 20. juni, 19. september og 21. november.***
Møtestart kl. 17.00 med unnatak av 19. september kor møtestart blir kl.19.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Vedlegg: Oversiktskalender 2022 m/møtedatoer for Sveio

Bakgrunn:
Sekretariatet har sett opp fem møte i 2022. Junimøtet i fjor og i år blei avlyst og utvalet har ikkje lang tradisjon for dette møtet, men det vert sett opp dato. Med dette som utgangspunkt er det sett opp framlegg til møteplan for kontroll- og kvalitetsutvalet for 2022.

Dag og tidspunkt for møta er vidareført med **måndagar kl. 17.00**, slik det har vore i denne valperioden. Utvalet har likevel høve til å drøfte framlegg til dag og klokkeslett. Sekretær vil likevel gjere merksam på at ho også har fire andre utval det må passa inn med når det gjeld val av dag.

Kommunestyret har også møtedag på måndagar, og då det er lovbestemt at eitt av kontrollutvalsmedlemma også skal vere kommunestyrerepresentant (i denne perioden utvalsleiar), må kontrollutvalet ta omsyn til deira møteplan. Formannskapet har også måndagar som møtedag, som set nokre føringar.

Møta er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden. Medlemmene må merke seg datoane i sin kalender, og ikkje leggje ferier og andre oppdrag til desse fem dagane i året.

SVEIO KOMMUNE Saksframlegg

Saksorientering
Fyrste møte på nyåret vil årsmeldinga bli sett på sakslista og prosjektmansat for nytt forvaltningsprosjekt. I møtet i mai vil kontrollutvalet handsame kommunen sin årsrekneskap og revisor si forenkla etterlevingskontroll. Om det er trong for for junimøtet er no uvisst. Til hausten vil budsjettframlegg, revisjonsstrategi, eigenerklæring og møteplan bli handsama.

Formannskapet kan ikkje gjere vedtak før rekneskapa har vore handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillingane/uttala skal følgje saka. Sveio har dei sist åra handsama rekneskapen i kommunestyremøtet i juni. Revisor si frist er i lova sett til 15. april, og sekretariatet gjer framlegg om rekneskapsmøtet vert sett til 9. mai. Uttalen vil då bli lagt fram for formannskapet 30. mai og kommunestyret 13. juni.

I september vil budsjettframlegget for kontrollarbeidet i kommunen bli handsama og i november møteplanen. Skolene si vinterferie og haustferie er vedtatt lagt til veke 9 og veke 41, og det har vore tradisjon for ikkje å leggje folkevaldmøte i desse vekene.

Møtet i september er sett til 19. september, men pga møtekollisjone med klimautvalet har sekretær i samåd med rådman og ordførar blitt samd om gjere framlegg om at møtestart blir sett til kl 19.00 denne datoen, ikkje kl. 17.00 som elles.

Dersom det blir endringar frå møteplanen vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstramøte dersom det skulle bli naudsynt.

Aksdal, 15.11.21

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

Kalender 2022 – SVEIO

Januar 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
52						1	2
1	3	4	5	6	7	8	9
2	10	11	12	13	14	15	16
3	17	18	19	20	21	22	23
4	24	25	26	27	28	29	30
5	31						

2 ● 9 ◐ 18 ○ 25 ◑

Februar 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5		1	2	3	4	5	6
6	7	8	9	10	11	12	13
7	14	15	16	17	18	19	20
8	21	22	23	24	25	26	27
9	28						

1 ● 8 ◐ 16 ○ 23 ◑

Mars 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9		1	2	3	4	5	6
10	7	8	9	10	11	12	13
11	14	15	16	17	18	19	20
12	21	22	23	24	25	26	27
13	28	29	30	31			

2 ● 10 ◐ 18 ○ 25 ◑

April 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
13					1	2	3
14	4	5	6	7	8	9	10
15	11	12	13	14	15	16	17
16	18	19	20	21	22	23	24
17	25	26	27	28	29	30	

1 ● 9 ◐ 16 ○ 23 ◑ 30 ●

Mai 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
17							1
18	2	3	4	5	6	7	8
19	9	10	11	12	13	14	15
20	16	17	18	19	20	21	22
21	23	24	25	26	27	28	29
22	30	31					

9 ◐ 16 ○ 22 ◑ 30 ●

Juni 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22			1	2	3	4	5
23	6	7	8	9	10	11	12
24	13	14	15	16	17	18	19
25	20	21	22	23	24	25	26
26	27	28	29	30			

7 ◐ 14 ○ 21 ◑ 29 ●

Juli 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
26					1	2	3
27	4	5	6	7	8	9	10
28	11	12	13	14	15	16	17
29	18	19	20	21	22	23	24
30	25	26	27	28	29	30	31

7 ◐ 13 ○ 20 ◑ 28 ●

August 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31	1	2	3	4	5	6	7
32	8	9	10	11	12	13	14
33	15	16	17	18	19	20	21
34	22	23	24	25	26	27	28
35	29	30	31				

5 ◐ 12 ○ 19 ◑ 27 ●

September 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
35				1	2	3	4
36	5	6	7	8	9	10	11
37	12	13	14	15	16	17	18
38	19	20	21	22	23	24	25
39	26	27	28	29	30		

3 ◐ 10 ○ 17 ◑ 25 ●

Oktober 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
39						1	2
40	3	4	5	6	7	8	9
41	10	11	12	13	14	15	16
42	17	18	19	20	21	22	23
43	24	25	26	27	28	29	30
44	31						

3 ◐ 9 ○ 17 ◑ 25 ●

November 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44		1	2	3	4	5	6
45	7	8	9	10	11	12	13
46	14	15	16	17	18	19	20
47	21	22	23	24	25	26	27
48	28	29	30				

1 ◐ 8 ○ 16 ◑ 23 ● 30 ◐

Desember 2022

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
48				1	2	3	4
49	5	6	7	8	9	10	11
50	12	13	14	15	16	17	18
51	19	20	21	22	23	24	25
52	26	27	28	29	30	31	

8 ○ 16 ◑ 23 ● 30 ◐

1.	jan	Nyttårsdag
21.	jan	Prinsesse Ingrid Alexandra, 18 år
6.	feb	Samefolkets dag
13.	feb	Morsdag
14.	feb	St. Valentines dag
21.	feb	Kong Harald, 85 år
27.	feb	Fastelavn
27.	mar	Sommertid start
10.	apr	Palmesøndag
14.	apr	Skjærtorsdag
15.	apr	Langfredag
17.	apr	1. påskedag
18.	apr	2. påskedag
1.	mai	Off. høgtidsdag
8.	mai	Frigjøringsdag 1945
17.	mai	Grunnlovsdag 1814
26.	mai	Kr. Himmelfartsdag
5.	jun	1. pinsedag
6.	jun	2. pinsedag
7.	jun	Unionsoppløsning 1905
23.	jun	Jonsokaften
4.	jul	Dronning Sonja, 85 år
20.	jul	Kronprins Haakon, 49 år
29.	jul	Olsokdagen
19.	aug	Kronprinsesse Mette-Marit, 49 år
30.	okt	Sommertid slutt
31.	okt	Halloween
6.	nov	Allehelgensdag
13.	nov	Farsdag
27.	nov	1. søndag i advent
13.	des	Luciadagen
25.	des	1. juledag
26.	des	2. juledag

KKU
14.02
09.05
20.06
19.09
21.11

FSK
19.01
07.02
21.03
25.04
23.05
30.05
12.09
17.10
07.11
28.11

KST
21.02
04.04
13.06
26.09
31.10
12.12

KLIMAUTV
28.03
19.09

H.UTV
24.01
07.03
18.05
05.09
03.10
14.11

SVEIO KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontroll- og kvalitetsutvalet	22.11.21	**28/21**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.11.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 30 – 40 i møtet 22.11.21 til orientering.

Vedlegg:

30. Statusoversyn pr. november 2021
31. KST-vedtak 01.11.21,sak 83/21–Forvalt.rapport Tilpassa opplæring og spes.undervisn.
32. Mobbeombodet i Vestland – årsmelding for barnehage – og skuleåret 2020-2021
33. FKT- medlemsinformasjon september 2021
34. Samarbeidsrådet for Sunnhordland – rekerat frå ekstr.ord. repr.skapsmøte 04.10.21
35. Karmsund Havn IKS – innkalling til møte i havenerådet 09.11.21
36. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 12.11.21
37. Haugaland Vekst IKS - innkalling til representantskapsmøte 10.12.21
38. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvala i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
39. Invitasjon – NKRF si Kontrollutvalgskonferanse 02-03.02.22 på Gardermoen
40. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidl. Hordaland 15.02- 16.02.22

Saksorientering

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontroll- og kvalitetsutvalet til orientering.

Aksdal,15.11.21

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Val av nytt prosjekt	14.02. 22	?		Hausten 2022	Rogaland Revisjon IKS
Orientering – rektor Sveio b/u skule	14.02.20, sak 2/20		Avtalt 22.11.21		Rektor Lene Lier
Orientering – Hgl Brann og Redning IKS	27.09.21, sak 20/21		Avtalt 14.02.21		Dagleg leiar Dag Botnen

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Prosjekt *«Tilpassa opplæring og spesial-undervisning»*	15.02.21, sak 3/21	27.09.21, sak 15/21	01.11.21, sak 83/21	Hausten 2022	9 månader
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20, sak 9/20	03.05.21, sak 9/21	14.06.21, sak 42/21	Ferdig hausten 2022	6 månader Fellesprosjekt KPMG AS

Avslutta prosjekt/orienteringar

Tema	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp av KST	Merknader
Orientering - personalleiar	14.02.20, sak 2/20	03.05.21, sak 8/21			
Orientering HTV HVO	14.02.20 sak 2/20	15.02.21, sak 2/21			
Orientering kommunal-sjef teknisk	14.02.20 sak 2/20	16.11.20 sak 29/20			
Komm.sjef helse omsorg	14.02.20 sak 2/20	14.09.20 Sak /20			
Komm. sjef skule bhg kr	14.02.20 sak 2/20	22.06.20 sak			
Rapport *«Barneverntenesta»*	22.01.19, sak 3/19	24.09.19, sak19/19	11.11.19, sak 61/19	07.12.20, sak 135/20	Deloitte As
Plan for forvaltnings-revisjon 2020 – 2024 med analyse	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 22/20	07.12.20, sak114/20	Ny plan i 2024	Deloitte As
Plan for eigarskaps-kontroll 2020 – 2024	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 23/20	07.12.20, sak 113/20	Ny plan i 2024	Deloitte As

Sveio kommune

Møteprotokoll – Kommunestyret

Særutskrift – Sak 083/21

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	01.11.2021
Tid:	Kl. 17:00–19:33
Gruppemøte:	Kl. 18:04–18:20
Pause:	Kl. 18:26–18:36

Følgande medlemmer møtte:	**Parti**
Linn Therese Erve	AP
Asle Georg Halleraker	AP
Håkon Johnsen Skimmeland	AP
Ingrid Pedersen Furdal	AP
John Anders Semb	AP
Torgeir Tveit Katla	AP
Gustav Eidsvåg	FRP
Rune Teikari	FRP
Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	FRP
John Kristian Økland	H
Lars Einar Hollund	H
Mikal Møller Hovda	H
Anne Vierdal	KRF
Ole-Ørjan Hov	MDG
Arne Valen	SP
Dagfinn Fagerland Bjørge	SP
Monica Vandaskog Valen	SP
Ole Velde	SP
Kristina Våge Ballard	SV
Ole Johan Sveen	UAH
Stian Nygård	UAH

Forfall:	**Parti**	**Vara:**
Maren Kristine Lye Bårdsen	AP	Carlos Abdo Monclair (AP)
Svein Mathias Lie	FRP	Anne-Berit Stokka (FRP)
Jarle Jacobsen	KRF	Sondre Natås Strand (KRF)
Andreas Sirevaag	SP	Vidar Høyland (SP)

Andre som møtte:
Ingvild Haugland (UR)
John Gustav Eilerås (ELR)

Endring av sakslista:	
Ingen.	
Endring i tal på medlemmer til stades:	
KOM-91/21 (inhabilitet)	Lars E. Hollund
	Stian Nygård
KOM-093/21 (inhabilitet)	Torgeir T. Katla
KOM-095/21 (inhabilitet)	Lars E. Hollund
	Asle G. Halleraker
	Kristina V. Ballard
Til å skriva under møteboka blei valde:	**Parti**
Lars E. Hollund	H
Ingrid P. Furdal	AP
Til stades frå administasjonen:	**Tittel**
Jostein Førre	Rådmann
Olav Peter Lura	Økonomisjef
Bjarte Stølås Storli	Politisk sekretær
Underskrifter:	**Sign.:**
Linn Therese Erve	
Lars Einar Hollund	
Ingrid Pedersen Furdal	
Bjarte Stølås Storli	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
078/21	Godkjenning av innkalling og protokoll
079/21	Referat og meldingar
080/21	Orienteringar
081/21	Finansiering av folkeavstemming om fylkestilhøyrsle
082/21	Forslag til prosess - vurdering av HBR
083/21	Forvaltningsrevisjonsrapport – Tilpassa opplæring og spesialundervisning
084/21	Godkjenning av samarbeidsavtale mellom Friluftsrådet Vest og kommunane etter ny kommunelov
085/21	Møteplan 2022
086/21	Retningsliner for skulebyte i Sveio kommune
087/21	Søknad om skjenkeløyve - Fontana Filippidi
088/21	Undervegshøyring nye bompengepakkar på Haugalandet
089/21	Val av driftsform for Ryvarden Kulturfyr - vegen vidare
090/21	Venta konsekvens av etablering av fleire kommunale barnehageplassar
091/21	Kandidatar til styret – Karmsund havn IKS
092/21	Nyval – Hovudutval oppvekst/kultur
093/21	Nyval – Samarbeidsrådet
094/21	Nyval – Samarbeidsutval og skulemiljøutval
095/21	Nyval – SIM IKS
096/21	Tertialrapport 31.08.21
097/21	Finansrapportering 2. tertial 2021

083/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 12 tilrådingar.

   Kommunestyret vil spesielt framheve tilråding nr 5 om føremålstenleg organisering av PP-tenesta ved å gjennomgå samarbeidsavtalen mellom Sveio kommune og PP-tenesta og å kartlegge risiko- og sårbarheitsområda med tanke på å forbetre avtalen.

3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

01.11.2021 Kommunestyret

Behandling

Fleire tok ordet i saka.

Ole-Ørjan Hov (MDG) er leiar i kontroll- og kvalitetsutvalet og presenterte kort rapporten og anbefalingane til tiltak.

Asle G. Halleraker (Ap) stilte spørsmål om kva som er bakgrunnen i dei tilfelle kor lærarar med ansvar for spesialundervisning i staden blir brukt som vikar for andre elevar/klassar – er det mangel på personell eller økonomiske årsaker? Rådmannen viste til at dersom ein manglar personell har dette igjen ofte bakgrunn i økonomiske avgrensingar. Vidare viste rådmannen til at vurderinga av rapporten snart er ferdig og vil komma til politisk behandling ganske raskt; då vil ein òg sjå heilskapleg på problemstillinga som Halleraker reiste.

Framlegg frå Arne Valen (Sp) til tilleggspunkt til kontroll- og kvalitetsutvalet si tilråding:

Rapporten frå forvaltningsrevisjonen "Tilpassa opplæring og spesialundervisning" blir send til styret for den interkommunale PP-tenesta for Haugesund, Utsira og Sveio saman med dokumentasjon frå kommunal saksbehandling.

Røysting:

Det blei først røysta over kontroll- og kvalitetsutvalet si tilråding. Denne blei samrøystes vedtatt.

Det blei deretter røysta over Valen sitt framlegg. Dette blei samrøystes vedtatt.

KOM - 083/21 Vedtak:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 12 tilrådingar.

   Kommunestyret vil spesielt framheve tilråding nr 5 om føremålstenleg organisering av PP-tenesta ved å gjennomgå samarbeidsavtalen mellom Sveio kommune og PP-tenesta og å kartlegge risiko- og sårbarheitsområda med tanke på å forbetre avtalen.

3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

4. Rapporten frå forvaltningsrevisjonen "Tilpassa opplæring og spesialundervisning" blir send til styret for den interkommunale PP-tenesta for Haugesund, Utsira og Sveio saman med dokumentasjon frå kommunal saksbehandling.

Årsmelding 2020-2021 frå Mobbeombodet i Vestland

Avsender **Aina Drage <Aina.Drage@vlfk.no>**

Mottaker post@regionnordhordaland.no <post@regionnordhordaland.no> , tonje.husum.aarland@regionnordhordaland.no

tonje.husum.aarland@regionnordhordaland.no> , eli.velle@bergen.kommune.no

<eli.velle@bergen.kommune.no> , hilde.nilsen@bergen.kommune.no

<hilde.nilsen@bergen.kommune.no> , post@kontrollutvalgene.no

<post@kontrollutvalgene.no> , tha@kontrollutvalgene.no

<tha@kontrollutvalgene.no> , ogh@kontrollutvalgene.no

<ogh@kontrollutvalgene.no> , ah@sekom.no <ah@sekom.no>

, arva@sekom.no <arva@sekom.no> , post@vkus.no <post@vkus.no>

, jostein@vkus.no <jostein@vkus.no> , richard.nesheim@pwc.com

<richard.nesheim@pwc.com> , andrea.opseth@pwc.no <andrea.opseth@pwc.no>

, harald.mo@pwc.no <harald.mo@pwc.no>

Kopi til Mari-Kristine Morberg <Mari-Kristine.Morberg@vlfk.no>

Dato **18.10.21 kl. 13:34**

Hei.

Vi ønskjer å dele årsmeldinga vår for barnehage- og skuleåret 2020 – 2021 med dykk. Fylkestinget i Vestland handsama denne 30.09.21.

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage, elevar i grunnskulen og deira foreldre. Erfaringar vi har gjort oss og moglegheiter vi ser er naturleg at vi retter til kommunen, som både er barnehage- og skuleeigar.
Vi har nyleg sendt årsmeldinga til alle kommunar i Vestland, og har bedt om at den blir handsama og følgt opp politisk i kommunestyret. Vi har òg bedt om at den vert lagt fram for leiarar og tilsette i oppvekstsektoren.

Med helsing

Mari-Kristine Morberg og Aina Drage
mobbeombod
juridiske tenester
økonomi- og organisasjonsavdelinga
tlf.: 57 30 03 33

Vestland fylkeskommune



Årsmelding 2020-2021

Mobbeombodet i Vestland

Innhald

Forord 3

Samandrag 4

Mobbeombodet i Vestland 5

Mobbeombodets arbeid i 2020-2021 6

Kvifor har ikkje barn det bra? 8

Kva sviktar i handteringa? 10

Kva for hjelp ønskjer tilsette? 14

Kva skal til for å lukkast med handtering? Oppmodingar 15

1) Tru på barn **15**

2) Ekte samarbeid **15**

3) Kjenn barn sine rettar **16**

4) Forstå **17**

5) Be om hjelp **17**

Vegen vidare 18

Kjeldeliste 19

Teikninga på framsida er laga av Jenny Hop Torvund, 14 år

Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2020-2021. Den er skrive med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet og det arbeidet som har vorte gjort. Vi rapporterer til fylkestinget for å vise korleis ressursar har vore nytta, men enno meir for å peike på svakheiter og sjå moglegheiter som kan vere eigna i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane.

Når mobbeombodet mottar ein førespurnad, høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i kva som ligg i barns opplevingar av å ikkje ha det trygt og godt og kva hjelp dei ønskjer. Dette er viktig å løfte og gjere kjent. Når eit barn ikkje har det bra, bør foreldre i dei aller fleste saker involverast. Dei har omsorgsplikt og har rett til å bli informert om saker som angår barnet. Foreldre er ein viktig del av arbeidet med trygge og gode psykososiale miljø. I år har vi valt å ha særleg fokus på foreldre i årsmeldinga.

I rolla som mobbeombod kjem vi òg i posisjon til å sjå kva som konkret fremmar og hemmar gode løysingar i skule og barnehage, og kva tilsette og støttesystem ønskjer hjelp til. Dette må vi formidle.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare all tilbakemelding vi har fått. Vi er særlege takksame for samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les den, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Aina Drage og Mari-Kristine Morberg,
Mobbeombod i Vestland, 01.07.21

Samandrag

Alle barn og elevar skal ha trygge og gode psykososiale miljø. Barnehagen og skulen skal ha nulltoleranse for krenkingar som til dømes mobbing, trakassering og diskriminering, og dei har ei aktivitetsplikt når eit barn ikkje har eit trygt og godt leik- og læringsmiljø.

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn og unge i barnehage og grunnskule i Vestland, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Vårt arbeid har dreidd seg både om førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing. Vi har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Det er flest foreldre som har tatt kontakt, men vi har òg mottatt førespurnader frå tilsette. Mobbeombodet har deltatt med innlegg og føredrag for foreldre, for tilsette og for lokalpolitikarar. I samarbeid med elev- og lærlingombodet har mobbeombodet jobba for å utvikle ei god teneste for barn og unge. Saman har vi òg hatt faste møte med politisk og administrativt nivå. Slik har både tenesta blitt tatt i vare og erfaringar fanga opp og delt med ansvarlege. Gjennom året har det òg vore eit mål å gjere mobbeombodstenesta synleg for dei vi er sett til å hjelpe.

Barns opplevingar av utrygge miljø er samansette og handlar om meir enn mobbing. Barn viser til utrygge miljø, tydelege overtramp og krenkingar som kan vere vanskelege å fange opp.

I handtering av saker er barnehagen/skulen sin evne og kompetanse avgjerande. Foreldre som tar kontakt med oss opplever at barnet deira ikkje får den hjelpa dei treng og som barnet har krav på. Det kan vere at barnet ikkje blir trudd eller opplevingane blir bagatelliserte. Nokre gongar verkar ikkje tiltak, andre tiltak forverrar situasjonen eller opplevast krenkjande. Når barn har det vanskeleg, ser vi at foreldre også blir meir sårbare. Når foreldre og skule/barnehage ikkje forstår situasjonen likt, utløyser det ofte stress for ein eller begge partar. Det kan føre til konfliktfylte situasjonar. Slike konfliktsituasjonar er noko av det tilsette ber om hjelp til.

Basert på førespurnadane i 2020-21 har mobbeombodet følgjande oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

1) Tru på barn. Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel om at dei ikkje har det bra.

2) Samarbeid på ekte. Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar.

3) Kjenn barn sine rettar. Vaksne som jobbar med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis ein gjer ei vurdering av barnets beste.

4) Forstå. Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om grupper, gruppedynamikk, sosialt samspel og mobbing.

5) Be om hjelp. Gode vaksne har òg behov for hjelp, dei må vite når dei skal be om det og dei må ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg.

Mobbeombodet i Vestland

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og grunnskule, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Det inneber at alle kan spørje ombodet om råd som gjeld barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet har teieplikt.

Mari-Kristine Morberg og Aina Drage.
Foto: Vestland fylkeskommune v/Mathilde Valvatne

I Vestland var det i 2020 registrert 34 049 barn i barnehagar[1] og 76 867 elevar i grunnskulen[2].

Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter. Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte i fylkeskommunedirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad ved fylkeshusa på Bergen og Leikanger.

Fylkestinget i Vestland vedtok 10.6.2020 mandat[3] som mobbeombodet arbeider ut frå. Først og fremst gir vi støtte, råd og rettleiing til foreldre til enkelte barn. Vi samarbeider med foreldregrupper og tilsette i barnehage og skule, og vi bidreg med faglege innspel til barnehage- og skuleleiing og til lokalpolitikarar i kommunestyre. Vi arbeider med både førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing.

Kontaktinformasjon til Mobbeombodet i Vestland

Telefon: 57 30 03 33

E-post: mobbeombod@vlfk.no

Nettside: vlfk.no/mobbeombodet

Du kan òg helse på oss i presentasjonsfilm: https://www.youtube.com/watch?v=eYGUeIUNZkg

[1] https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager
[2] https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen
[3] https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/kva-er-og-kva-gjer-mobbeombodet/

Mobbeombodets arbeid i 2020-2021

Førespurnadar som gjeld enkelte barn eller konkrete saker der barn er involvert.
Mobbeombodet har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Dei fleste som har tatt kontakt er foreldre til barn som opplever utrygt barnehage- eller skulemiljø. Også tilsette i barnehage og skule har tatt kontakt, ofte for å få rettleiing eller råd i ei sak. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt, alder, kjønn og kven som har tatt kontakt med oss.



Dei fleste, og totalt 167 førespurnader, har kome frå skulefeltet.

Diagrammet syner òg at barnehage brukar tenesta, totalt 7 førespurnader.

Vi har mottatt 15 førespurnader som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule.

12 av førespurnadane har dreidd seg om generelle råd; tolking av lovtekst, utvikle rutinar, generelle spørsmål om aktivitetsplikt og -plan.



Dei fleste som tar kontakt med oss informerer om kva klassetrinn det gjeld, men ikkje alle.

Det er flest førespurnadar på mellomtrinnet.

For barnhagefeltet er det flest førespurnader som gjeld dei eldste barna.

Fordeling mellom kjønn er tilnærma likt, men også her er det ikkje alle som informerer om kjønn.



Tilsette som har kontakta oss har i hovudsak vore leiarar i barnehage/skule, men inkluderer òg lærarar i klasse og førskulelærarar i avdeling.

Med «hjelpesystem» meiner vi mellom anna PPT, skulehelseteneste og BUP.

«Andre» som har tatt kontakt inkluderer FAU-representant, advokat, slekt og venner av familie.

Førespurnader frå tilsette i barnehage, skule og støtteapparat rundt barn
Gjennom året har vi òg mottatt spørsmål og førespurnader som gjeld system meir enn enkelte barn. Det har i all hovudsak vore tilsette i barnehage, skule, leiing, kommuneadministrasjon og støtteapparat som har tatt kontakt. Vi har mellom anna bidratt ved å drøfta tolking av lovtekst, praktiske konsekvensar av lovtekst, rutinar for handtering av urolege/utrygge miljø og utarbeiding av heilskaplege kommunale retningslinjer.

Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø
Mobbeombodet har deltatt på foreldremøte, ofte med tema *trygge fellesskap* og *sosiale prosessar*. Vi har òg gjennomført føredrag/temaøkter med tilsette i barnehage og skule, SFO og kulturskule. Kommunar har invitert mobbeombodet til politiske møte der vi har fått fortelje om erfaringane våre. Vi har vekta kva barns opplevingar handlar om, og våre tankar om kva som hemmar og fremmar løysing i saker.



Ved invitasjon, og med omsyn til kapasitet, har mobbeombodet halde føredrag og innlegg for aktuelle og ansvarlege i barns miljø.

Å treffe elevar og foreldre har vore viktig med omsyn til å gjere mobbeombodet kjend.

Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe
Evaluering av mobbeombodstenesta viste at ordninga har hatt effekt, men at den har vore lite kjent.[4] Vi har jobba på fleire måtar for å gjere tenesta betre kjent.

a) Vi har sendt e-post med informasjonsplakatar til aktuelle aktørar i kommunar, med mål om å gjere informasjonen lett tilgjengeleg for barn og foreldre. Vi ser at mange kommunar, skular, barnehagar, fylkeskommunale skular og tannklinikkar i Vestland informerer om tenesta.
b) Gjennom eigen profil på Facebook[5] og Instagram[6] rettar vi oss mot foreldre og mot ungdom. Her har vi delt aktuell informasjon for målgruppa.
c) I løpet av året har vi hatt praksisstudent frå universitetet i Bergen og masterprogrammet *Kommunikasjon og medievitskap*. I samarbeid har vi laga korte filmar, mellom anna presentasjon av mobbeombodet i Vestland.[7]
d) I fysiske og digitale besøk i klasserom og foreldremøte har vi presentert oss sjølve og mobbeombodstenesta.
e) Mobbeombodet har skrive debattinnlegg og stilt opp til intervju i aktuelle saker i media, totalt 19 slike innlegg/intervju fordelt på lokalaviser, regionaviser, lokalradio og TV.

[4] https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-_mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf
[5] https://www.facebook.com/mobbeombod
[6] https://www.instagram.com/ombodvestland/?hl=nb
[7] https://www.youtube.com/watch?v=eYGUeIUNZkg

Samarbeid med elev- og lærlingombodet i Vestland
Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet har hatt faste møte. Vi har samarbeidd for å utvikle ei god teneste for alle barn og unge i fylket. Vi har sett på moglegheiter for konkrete samarbeidsprosjekt og har jobba med interne rutinar og retningslinjer.

Vi har hatt møte med fylkespolitikarar og fylkesadministrasjonen. Tema for møta har vore arbeidet og erfaringane til omboda.

Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod
Fylkesvise mobbeombod, elev- og lærlingombod og oppvekstombod har eit nasjonalt nettverk. Gjennom faste digitale samlingar og i arbeidsgrupper har vi hatt faglege drøftingar, delt erfaringar og gitt høyringssvar. Læringsmiljøsenteret i Stavanger har hatt i oppgåve å legge til rette for kompetansesamlingar for omboda. Å vere i nettverk med andre ombod har bidratt til fagleg utvikling og rolleforståing. Eit av mobbeomboda i Vestland sit i nettverkets arbeidsutval.

Kvifor har ikkje barn det bra?

«Det må vere to meter mellom alle, men det spelar inga rolle, for det er allereie fleire kilometer mellom meg og dei andre»
- jente, 12 år

Tydelege og skjulte krenkingar
Barn og unge er saman i barnehage, på skule, på skuleveg, på fritid og på nett. Barn som opplever mobbing og krenking, viser til at krenking skjer på fleire stader, i ulike situasjonar og på ulike måtar. Barn fortel både om tydelege og meir skjulte krenkingar. Førespurnadar vi får handlar ofte om verbal, relasjonell og fysisk krenking, og om urolege klassemiljø.

Barn fortel om å bli kalla ufine ting, til dømes kommentarar på utsjånad. Dei blir bedne om å flytte seg for andre. Trugslar om overgrep eller vald skjer, til dømes at personen skal bli skada. Rasistiske utsegn og kommentarar som gjeld identitet er òg ein del av opplevingane. Dette skjer både ansikt til ansikt og digitalt.

Digitale krenkingar kjem fram på ulikt vis. Barn blir utestengt frå digitale møteplassar og får ikkje merksemd frå andre. Å bli utestengd frå fellesskap, om det er fysiske eller digitale, gjer vondt. Barn får krenkande meldingar; oppmodingar om å skade seg sjølv eller ta livet sitt. Barn opplever å bli tatt og delt bilde av, det blir spreidd rykte om dei, eller dei får tilsendt bilde og meldingar av seksuell karakter. Nokre har opplevd at mobbing oppstår i etterkant av digitale hendingar der dei sjølve har gjort ugreie ting.

"Det er berre plass til 18 i denne leiken. Du kan ikkje vere med."
- 4. klassing

Barn fortel om situasjonar der eigendelar har vorte øydelagde; til dømes sykkel, klede på gangen og matpakke som blir trakka på.

Fysiske krenkingar og vald skjer. Vi høyrer om slag, biting, klyping, dytting, spark i skrittet og kvelartak. Barn blir kasta ting på, som viskelêr, snøball eller diverse ballar i gymtimen. Barn blir tissa på, seksuelt trakasserte og halde fast medan andre slår.

«Det einaste som hjelper er å slå»

- gut, 11 år

Vi høyrer om barn som blir terga til dei sprekk, som slår tilbake, rasar og øydelegg ting. Fleire av desse opplever å bli gjort ansvarlege for det som skjer og blir tildelt skuld for situasjonen.

Det handlar òg om klassemiljø som har vore uroleg over tid. Ofte ser vi at utrygge klassemiljø har kjenneteikn som ugrei språkbruk, ustabile klassefellesskap og klikk-danning. I slike miljø kan alliansar i stor grad definere rollar og innan- og utanforskap.

Mange som tar kontakt med oss har levd i utrygge miljø tidlegare. Mange fortel at dei har blitt utsett for krenking og mobbing over lang tid, at det starta i barnehagen eller at dei har hatt aktivitetsplan eit år eller to tilbake i tid. Førespurnadar vi har mottatt i år syner at mobbing har starta opp att i same miljø, der ein tidlegare har klart å stoppe det. Vi ser òg at krenkingar kan starte opp att etter strukturelle/organisatoriske endringar; til dømes ved skifte av gruppe (base/trinnorganisert skule), skifte av lærar eller ved overgang til ny skule (ungdomsskule eller byte av skule på grunn av mobbing).

Krenka av vaksne

Når barn og unge opplever mobbing eller krenking frå vaksne, har det ofte handla om situasjonar der 1) vaksne krenker barn, 2) vaksne blir opplevd som ein utrygg faktor eller 3) barnet manglar ein trygg vaksenrelasjon i barnehagen eller ved skulen.

Barn som opplever krenking frå vaksne, fortel om tydelege overtramp og meir skjulte eller udefinerbare. Vi har høyrt om barn som har opplevd å få straff; kjeft i samla klasse, utestengt frå time ved at døra blir låst, innestengt i kott, klype i armen og bli tatt kvelartak på. Barn som har opplevd slike hendingar, fortel at dei blir redde for den vaksne og at frykta sit i kroppen i lang tid etterpå. Barn som observerer at andre barn blir utsette for slike krenkingar vil òg ofte oppleve den vaksne som utrygg.

Når relasjonen mellom barn og tilsett er skjør, vil samhandling mellom dei opplevast annleis enn når relasjonen er trygg og god (Flygare & Nordahl 2016). Vi ser at det her ligg ein risiko for at det den tilsette seier og gjer, sjølv med dei beste intensjonar, kan bli opplevd krenkande. Vi høyrer òg om barn som ikkje kjenner seg likt av vaksne.

Symptom

Barn som blir utsette for krenking og mobbing får sår. Mange ønskjer ikkje å vere i barnehagen eller på skulen, og gir tydeleg uttrykk for det. Samstundes ser vi at dei fleste av desse barna likevel møter opp. Vi høyrer om barn som utviklar eigne strategiar for å unngå situasjonar; gøyme seg, rømme frå skulen eller finne vikarierande argument for å sleppe å vere saman med andre i klassen.

Barn blir prega av utryggheit, krenking og mobbing. Ofte høyrer vi om endra åtferd og auka grad av frykt. Mange blir redde for å vere åleine, for å gå til skulen, vere på skulen, sove åleine og redde for ikkje å bli trudd på. Barn blir nedstemte, deprimerte og ukonsentrerte. Vi ser òg auka trong til kontroll; at dagar må vere føreseielege og situasjonar kontrollerbare.

Nokre barn utagerer og angrip andre når dei sjølve er utrygge, medan andre vert stille og passive. Nokre skadar seg sjølv. Auka fråvær er vanleg. Nokre barn blir sjukemelde av legen sin. Fleire av barna og ungdommane som har stått i utanforskap, krenking, mobbing og utrygge miljø over tid, uttrykker òg ønskje om ikkje å leve lenger.

"Det er ikkje noko vits i at eg lever"

- gut, 15 år

Kva sviktar i handteringa?

Når mobbeombodet blir kontakta er det som regel fordi barn ikkje har det bra og i tillegg har noko svikta i handteringa av saka. Vi får tilgang til informasjon om kva som har gått gale. I skuleåret 2020-21 er det i stor grad dei same problemstillingane i handteringa som tidlegare. Vi meiner det er viktig å trekke desse fram og vise korleis dei påverkar ei sak. Problemstillingane som oftast går igjen er

- bagatellisering
- skulen/barnehagen tar ikkje (synleg) tak i saka
- manglande kommunikasjon og samarbeid
- krenkande kommunikasjon/sakshandsaming
- tiltak blir ikkje sett i verk, opplevast ikkje som treffsikre eller gjer vondt verre
- enkeltbarn blir gjort ansvarlege

Når ein familie opplever alt dette i ei og same sak, opplevast det som svært krevjande. Når handtering feilar tidleg i prosessen pregar det ofte saka vidare. Det krev tid og energi å rette og bygge opp att tillit. For å prøve å vise problemstillingane som går att, og kva som påverkar prosessen, har vi laga ein fiktivt case som vi no presenterer.

Sofie – ein case om handtering av skulemiljøsak

«Sofie» er 12 år. Ho har lenge hatt det vanskeleg sosialt. Det har vore mykje uro i klassen dei siste åra. Sofie har fortalt kontaktlæraren sin om konfliktar og ugreie ting som skjer i friminutta. Foreldra hennar har ved fleire høve sendt mail og tatt opp på utviklingssamtale at dei er litt urolege for konfliktane og krenkingane som Sofie fortel om.

Læraren seier at Sofie har vener både i klassen og i parallellklassen og han trur ho for det meste har det bra. Det å bli utestengt er noko alle jentene i klassen opplever i blant, men han seier han skal snakke med dei involverte. Ting blir betre nokre veker, men så er det tilbake til slik det var tidlegare.

Før førre utviklingssamtale var det nokre episodar der Sofie blei kalla stygge ting på Tik Tok, så no har foreldra samla mot nok til å be skulen gjere noko. «Vi kan ikkje sjå krenkingar. Meiner de at det er mobbing? Kan de vente litt med å melde 9A-sak?» Kontaktlæraren til Sofie tenkjer at dette er ei problemstilling han har god oversikt over, og ikkje noko han bør bry rektor med.

«Kanskje de kan vente litt med å melde 9A-sak?»
- kontaktlærar

Vi ser at:

- Barn og foreldre har meldt frå ved fleire høve, ofte over år, utan å oppleve varig endring.
- Vaksne får ikkje med seg og klarer ikkje å sjå det barna fortel om.
- Skule/barnehage og barn/foreldre har ulik forståing av det som går føre seg.
- I meir enn 1/3 av sakene har ikkje barnet fått aktivitetsplan som skildrar kva tiltak skulen/barnehagen skal gjere for å betre situasjonen for barnet.[7]

[7] Dette gjeld nok langt fleire enn det som kjem fram i våre samtalar.

- Ein del tilsette uttrykker at det må handle om mobbing for at aktivitetsplikta skal gjelde.[8] Skule og barnehage har plikt til å sikre at barn har eit trygt og godt psykososialt miljø etter opplæringslova og barnehagelova. Elevar har òg ein individuell rett på eit trygt og godt miljø. Usikkerheit om lovverk fører til gjentatte lovbrot.

Krevjande kommunikasjon

Foreldra til Sofie meiner at dei får lite informasjon frå skulen. Ut på hausten i 6. klasse sender dei ei melding til rektor kor dei viser til kapittel 9A i opplæringslova. Dei blir kalla inn til møte på skulen veka etter. I e-posten er det ingen informasjon om kor på skulen møte skal vere, agenda for møte, kor lang tid som er sett av eller kven som skal delta. Foreldra kvir seg allereie. Det å ikkje vite kva som skal gå føre seg, er eit stressmoment.

Kontaktlærar og avdelingsleiar deltar på møtet. Sofie er ikkje invitert. Foreldra fortel nok ein gong om dei viktigaste hendingane og historikken sidan 3. klasse. Avdelingsleiar fortel at dei har følgt med den siste veka, og at dei ikkje kan sjå at Sofie er utrygg. Dei har snakka med Sofie og nokre av elevane i klassen som det har vore episodar med. «Dei fortel ulike versjonar av det som går føre seg, så her er det fleire historier», fortel læraren. Avdelingsleiar meiner Sofie ikkje har bruk for aktivitetsplan, men at dei skal fortsette å følgje med. Kontaktlærar fortel òg at dei etter jul skal starte med jentegrupper på trinnet. «Det vil vere bra for alle. Vi jobbar jo med sosial kompetanse heile tida», seier dei, og legg til at dei kan sjå på moglegheita for å lage friminuttsgrupper.

«Vi ser at ho har vener, så ho treng ikkje noko aktivitetsplan»

- skuleleiar

Etter møtet venter foreldra på referat, men får ikkje noko tilsendt. Dei er usikre på kva skulen og dei sjølve skal gjere vidare.

Vi høyrer at:

- Barnet si stemme manglar ofte i møte og i saker som gjeld dei sjølve.
- Foreldre må etterspørje informasjon og etterlyse framdrift. Dei kjenner seg som ei byrde for skulen/barnehagen.[9]
- Foreldre får lite informasjon om korleis skulen/barnehagen har gjort undersøkingar. Då er vanskeleg å vere trygg på at det er undersøkt godt nok.
- Uryddig forvaltningsskikk går igjen; å ikkje få skriftleg innkalling med tilstrekkeleg informasjon til møte, manglande referat frå møte, at ein ikkje får høve til godkjenne referat, osb.

---

